

Spørsmål til rapportering:

1. Beskriv kort målsetting for prosjektet.

- Prosjektet vårt har vore å vidareutvikle eit allereie eksisterande ungdomsarbeid for ungdomsleiarar i prostiet.
- Vi ønskjer i større grad å inkludere ungdomsleiarane våre i korleis vi driver, og vidareutviklar, vårt arbeid, og gjennom det auke engasjementet og interessa for kyrkjeleg teneste og utdanning.
- Vi har et mål om at Ønsket og Elsket skal vere eit kyrkjeleg arbeid der ungdommar får næring til å tru, er nysgjerrige og opplever mestring, utvikling og personleg vekst.
- Vi ønskjer å gjere arbeidet vårt meir kunnskapsbasert, der vi fokuserer på å utruste våre ungdomsleiarar gjennom god fagleg og personleg oppfølging. Gjennom økt fokus på kunnskapsbasert praksis ønskjer vi å innarbeide rekruttering som eit av hovudmåla for arbeidet vårt. Med kunnskapsbasert praksis menes i denne samanhengen eit arbeid som leggst til rette slik at forholdet mellom teori og praksis i størst mogleg grad kan bli ein hermeneutisk spiral. Når vi står ovanfor ei utfordring i arbeidet vårt gjer vi informasjonssøk for å sjå kva som finnast av forskningsbasert kunnskap på området. I neste omgang har vi ein kritisk gjennomgang av det vi har funnet og tar med oss det beste vidare i prosessen. Neste steg er å finne fram kva vi gjennom tidlige evalueringar av eige arbeid har skaffa oss av erfaringsbasert kunnskap på det aktuelle området. Med utgangspunkt i både den forskningsbaserte kunnskapen, den erfaringsbaserte kunnskapen og vår forståing av eigen kontekst, utarbeider vi så nye tiltak og planar som vi sett ut i praksis og i neste omgang evaluerer. Det nye som er innført gjennom dette prosjektet er at ungdomsleiarane no deltek aktivt i alle ledd av prosessen, og slik sett får gjort eigne erfaringar med korleis abduktiv teologi kan foregå i praksis i på lokalplanet i kyrkja.

2. Hvem var målgruppe for tiltaket/prosjektet?

Frivillige, 2.-4.-års ungdomsleiarar, i konfirmantarbeidet i prostiet.

3. Beskriv kort opplegget/ plan for gjennomføring av prosjektet.

Opplegget består i hovudsak av tre delar:

1. Kursing av vegleiarar for ungdomsleiarar
2. Kursing av ungdomsleiarar innanfor ulike områder, til dømes: musikk, teknikk, andakt, sjelesorg, leiarrolle.
3. Utviklings-/prosjektweekend med ungdomsleiarar. Utvalte ungdomsleiarar blir med på ein weekend med fokus på utviklinga av vårt eige arbeid, teologi for kristent ungdomsarbeid og utdannings- og jobbmoglegheiter innanfor kyrkja.

4. Skriv en kort refleksjon etter gjennomført opplegg; har du noen tips til andre som ønsker å gjennomføre noe liknende?

Opplegget retter seg først og fremst mot allereie eksisterande ungdomsarbeid, der ein har aktive ungdomsleiarar anten i konfirmantarbeidet eller anna. Reisemålet for ein utviklingsweekend kan naturligvis vere ein gulrot som gjer at mange vil være med. Vi reiste til Roma. Dette var veldig nyttig, og det ga oss mellom anna gode moglegheiter til å trekke nokon lengre linjer, og vise ungdommane den store samanhengen dei står i som engasjerte frivillige medarbeidarar i kyrkja. Det er imidlertid veldig interessant at ingen av ungdommane visste kor vi skulle då dei melde seg på, og vi "selde" ikkje inn prosjektet med eit eksklusivt reisemål. Slik sett ser vi gode moglegheiter til å vidareføre utviklingsturane våre med et lågare budsjett. Det å vise at ein er interessert i kva ungdommane sjølv meiner om korleis vi driver kristent ungdomsarbeid trur vi er noko av nøkkelen. Ofte er vi gode på relasjonsarbeid, men det er ein stor forskjell på om vi er "arrangørar" for noko som ungdommane deltek på, eller om dei er med å utvikle og arrangere, ikkje bare gjennomføre, eksempelvis leiar og konfirmantsamlingar.